



Vivian Olsvoll  
Håtuftvegen 258  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2360 - 16/18821

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
30.09.2016

## Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett, oppføring av naust på Ådland, gbnr 37/56.

**Administrativt vedtak. Saknr: 318/2016**

**Tiltakshavar:** Vivian Olsvoll

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan - og bygningslova  
(pbl.) § 20 – 4

### **Saksutgreiing:**

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av eit naust på Ådland, gbnr. 37/56. Det vert vist til søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, journalført motteke 19.09.2016.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 18.09.2016. Det er ikkje kome merknader til varselet. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21 - 3 første og andre ledd.

### **Vurdering:**

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av naust er tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadspliktig etter pbl § 20-2. Sidan nausta ikkje skal ha bebygd areal på over 50 m<sup>2</sup>, er dei mindre tiltak etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 3-1 bokstav a), som tiltakshavar kan søkje om på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav a).

Den omsøkte egedomen, gbnr 37/56, er godkjend frådelt i administrativt vedtak 159/2016 og ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som framtidig naust (NA\_20).

I følge tab. 6 i føresegn 2.1.5 til KPA kan det først opp 3 naust i området. Omsøkt tiltak er i samsvar med arealføremålet i KPA og tal tillate oppførte naust.

Når det gjeld utforming av naust følgjer det av føresegn 1.6.14 pkt. 7 til KPA at naust kan ha bruksareal på inntil 40 m<sup>2</sup> og eit eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate, og

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

mønehøgda kan vere inntil 5 m målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet, og altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust skal i tillegg ha saltak med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader.

Omsøkte naust har ein storleik på BRA 40 m<sup>2</sup>. Loftsrom har ikkje måleverdig areal og mønehøgda overstig ikkje 5 meter målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate overstig ikkje 3% av BRA og nausta vil ha saltak med ein takvinkel på 45 grader.

#### Plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Omsøkt plassering av naust er i samsvar med pbl § 29-4 andre ledd, og skal plasserast som omsøkt og vist på vedlagte situasjonskart motteke 19.09.2016. I tillegg er omsøkt høgd i samsvar med føresegn 1.6.14 til KPA. Naustet skal utformast i samsvar med vedlagte situasjonskart, samt plan-, snitt- og fasadeteikningar motteke 19.09.2016.

#### Planløysing og visuelle kvalitetar:

Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf. pbl §§ 29-1 og 29-2.

#### **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-1 a) løyve til oppføring av naust som omsøkt på gbnr. 37/56, jf. søknad motteke 19.09.2016.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjonskart, plan-, snitt- og fasadeteikningar.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaka ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaka vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9.

Tiltaka skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga eller gjennom tidlegare godkjenning.»

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl) og kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skall grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl §

27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

37-56

**Mottakere:**

Vivian Olsvoll

Håtuftvegen 258 5918

FREKHAUG